

Unnfallen helseforvaltning og politisk leiing

I etterkant av at NNH hadde møte med stortingsrepresentant Morten Wold (Frp), leverte vedkomande eit grunngeve spørsmål til helseminister Bent Høie. Spørsmåla hadde fokus på pasienttryggleik knyta opp til Registeret for utøvarar av alternativ behandling.

Helseministeren har i svaret støtta seg til råd og vurdering gjort av Helse- og omsorgsdepartementet – sitat:

Direktoratet har i den forbindelse opplyst at det i tiden etter at loven trådte i kraft, ikke har vært saker som tyder på at regelverket bør endres. Den alternative bransjen selv har ved noen anledninger pekt på at den selvjustis som ligger i registerordningen ikke fungerer godt nok, fordi noen alternative behandlere som ikke vil følge bransjeforeningens etiske regler eller som ikke er enig i de faglige kravene til sin utøverorganisasjon, enkelt kan etablere en ny bransjeforening og få den registrert i Brønnøysundregisteret. Direktoratet mener imidlertid at denne problemstillingen ikke er av en slik art at det bør settes i gang et arbeid med sikte på endring av registerordningen. Direktoratet har videre gitt uttrykk for at de som fagmyndighet ikke vil anbefale etablering av offentlig godkjenning av behandlingsmetoder hvor det ikke finnes vitenskapelig dokumentasjon for at metoden har effekt og at de heller ikke vil anbefale at det vurderes å innføre profesjonsgodkjenning for alternative behandlere.

Spørsmål til Helse- og omsorgsdepartementet

NNH har i etterkant hatt ei e-post-utveksling med Helse- og omsorgsdepartementet for å få ei forklaring på deira vurdering. Våre spørsmål tok utgangspunkt i sitat frå Ot.pr. nr. 27 (2002 - 2003) – i kap. 11.3.6 Helsemyndighetenes samarbeid med utøverorganisasjonene:

Samtidig er det ønskelig fra myndighetenes side å kunne gi styrings-



John Petter Lindeland, leiar NNH.

signaler og incitamentar til utøverorganisasjonene, samt bidra til at utøverorganisasjonene selv driver frem en ønsket utvikling. Det gjelder på en rekke områder, for eksempel innen forskning, fagutvikling, utdanning og organisasjonsutvikling. Videre ser departementet behovet for at en mer samlet bransje driver en helhetlig politikk- og fagutvikling på feltet, både internt blant alternative behandleres organisasjoner og eksternt ovenfor befolkningen og myndighetene.

Vårt spørsmål var: Når motivasjonen blant einskilde organisasjonar til å fylgja intensjonane i det som er nemnt ovanfor er fråverande, sidan dei lett får registreringsrett i Registeret og dermed mva-fritak for sine medlemmer, kva tankar har Helse- og omsorgsdepartementet og helseforvaltninga om korleis sektoren skal driva fram ei ynskja utvikling mot auka profesjonalitet og pasienttryggleik? Det kan nemnast at SABORG har blitt halvert, medan tal på organisasjonar er man-

gedobla – pr. dato 39 stk. – stikk i strid med intensjonen om å samla seg. Det er heller ingen kontroll med at talet på medlemmer held seg over 30 stk., som er nedre grense.


Svar og ordskifte

Svar frå Helse- og omsorgsdepartementet 1: Det vises til din e-post der du ga noen kommentarer og stilte et spørsmål til det svaret helse- og omsorgsminister Bent Høie ga i Stortinget 24. august 2016 samt purring på svar. Det spørsmålet du nå stiller ble endelig besvart av helse- og omsorgsminister Bent Høie i hans svar av 24. august 2016 på stortingsrepresentant Morten Wolds skriftlige spørsmål av 16. august 2016.

Helse- og omsorgsdepartementet har ikke noe å tilføye til det statsråden svarte i Stortinget.

NNH er lite nøgd med dette svaret, og ber dei svara på det fyrste spørsmålet.

Svar frå Helse- og omsorgsdepartementet 2: Som dere vet er Helse- og omsorgsdepartementet et fag- og myndighetsorgan underlagt Helse- og omsorgsdepartementet. Direktoratet har fått i oppdrag å administrere registerordningen og å forvalte en tilskuddsordning til drift av NAFKAM og NIFAB ved Universitetet i Tromsø. Helse- og omsorgsdepartementet har ikke noen selvstendig oppgave i å drive fram utviklingen på alternativ-feltet i ønsket retning. Den oppgaven skal ivaretas gjennom tilskuddsordningen. Målet med tilskuddet er at Nasjonalt forskningssenter innen komplementær og alternativ medisin (NAFKAM) og nasjonalt informasjonssenter for



alternativ behandling (NIFAB) utvikler og formidler kunnskap om hva alternativ behandling kan bidra med, for å lindre eller forkorte sykdommer, bedre livskvalitet, øke evne til mestring av sykdomssituasjoner og bedre uønskede sider ved sykdomsopplevelser. Målgruppen er befolkningen som bruker alternativ behandling, helsepersonell, alternativ behandlere og forskere.

Eit spørsmål til

Vårt spørsmål: Årsaka til at NNH ynskjer eit svar frå HelseDirektoratet, er at helseministeren har referert til denne fagetaten - og der det tydeleg går fram at HelseDirektoratet meiner at alt er såre vel når det reguleringsregimet overfor alternativ behandling, og har ikkje tenkt å gå i dialog med aktørar innan sektoren.

Det går fram av teksta at direktoratet har gjeve vurderingar til helseministeren som me tolkar som fagpolitiske, og ikkje eit «forvaltarsvar», som ein kanskje kunne forventa av ein etat som «berre» er sett til å administrera ordningar (t.d. registerordninga).

NNH meiner at HelseDirektoratet ved ei slik vurdering bagateliserer bekymringane me har kome med når det gjeld registerordninga - i tillegg til innspela frå både SABORG, Forbrukarombudet og NAFKAM. Når HelseDirektoratet tydeleg har meiningar om at registerordninga fungerer bra - trass i mange bekym-

ringsmeldingar – må ein også kunne forlanga at etaten svarar på våre fagpolitiske innspel og innbyr til dialog.

Pr. dato har ikkje HelseDirektoratet gjeve svar på det siste innspelet.

Ignorerande maktutøving

Når nærare 1 mill. av det norske folket nyttar seg av naturmedisin og alternativ behandling, blir svara frå helseforvaltning og politisk leing eit skuleeksempel på medviten ignorerande maktutøving overfor ein sektor med små økonomiske musklar. At HelseDirektoratet prøver å framstilla seg sjølv som meir eller mindre «nøytral» i denne saka, ved blant anna å hevda at «HelseDirektoratet har ikkje noen selvstendig oppgave i å drive fram utviklingen på alternativ-feltet i ønsket retning.» Om dei ikkje har ei sjølvstendig oppgave i å driva fram ei ynskja utvikling, så tyder mykje på at dei har mandat og vilje til å verna om status quo – som om det skulle vera ei nøytral haldning. At bransjen er mangfaldig og sprikar som Per Borten sine staurar, burde ikkje hindra helseforvaltninga og politisk leing i å skapa ordningar som byggjer opp under aktørar som ynskjer kvalitet og profesjonell utvikling. Dei treng ikkje gjera alle til lags!

Felles offentlege fagkrav

Det er snart på tide at HelseDirektoratet grev fram sin gamle rapport frå 2007 om Status for tiltak i Ot.prp. nr. 27 (2002-2003) Om lov om alternativ

behandling, der ei av vurderingane lyder: «Etter direktoratets vurdering vil entydige faglige krav i VEKS- og MED-fag forenkle arbeidet med å skille mellom helserelaterte utøvere av alternativ behandling og slik at ordningen blir mer ryddig og hensynet til forutsigbarhet hvis man velger å oppsøke en registrert utøver ivaretas bedre. Felles minimumskrav kan føre til at noen «faller av lasset». Selv om det finnes utøvere som mener at de ikke har behov for opplæring i anatomi og fysiologi for å utøve «sin behandlingsform», kan det etter direktoratets vurdering være nyttig om alle som ønsker å behandle mennesker må ha kunnskap om fysiologi, anatomi, psykologi og patologi. Slik kunnskap kan gjøre utøvere bedre i stand til å kjenne egen behandlingsforms begrensning». Rapporten er underteikna av divisjonsdirektør Frode Forland og avdelingsdirektør Otto Christian Rø.

Dokumentasjonsomkvedet

Når det gjeld det stendige omkvedet om at «dokumentasjonsstatus for effekt av ulike behandlingsformer er dels fraværende og dels mangelfull», kan det i denne sammenhengen også vera på sin plass og minna om at autorisasjon av fleire nåverande helsepersonellgrupper ikkje blei gjort på grunnlag av overveldande dokumentasjon når det gjeld effekt. Sanninga er heller at det blei gjort av omsyn til eit BEHOV i helsevesenet og samfunnet; eit behov legane ikkje kunne dekkja gjennom sin kompetanse.

Eliten og folket

Det er i dag mykje snakk om den manglande kontakta mellom eliten og det såkalla folket. Når det gjeld naturmedisin og alternativ behandling har folket talt. Det er på tide å lytta etter dei behova som manifesterer seg, og laga rammevilkår som gjer at slik verksemd skjer i trygge rammer - og av profesjonelle utøvarar som ynskjer utvikling.

leiar@nnh.no